



Dette er det aktuelle område på Ytre Eik der Frode Bu har omfattande utbyggingsplanar.

Statens vegvesen kan tilrå dispensasjon frå reguleringsplan slik at Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu) får oppføra ein fritidsbustad på Ytre Eik i ein avstand på 14 meter frå midtlina i riksveg 48.

Søkjaren har samla søkt om utsleppsløyve for to hytter, eitt naust og inntil 10 bustader (to eksisterande og åtte nye) i dette området.

Tilrådinga frå Statens vegvesen er gjeve under føresetnad av at bygningen ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden og at parkeringsplassen på sørsida av riksvegen skal vera opparbeidd i samsvar med reguleringsplanen før byggjeløyve vert gjeve.

Det blir også presisert at det ikkje er grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrensa med mindre den kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side.

Vegvesenet påpeikar også at trafikstøy kan vere til ulempe.

Av Ola Matti Mathisen